

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 19.04.2010
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**
Saka gjeld: **Rapport frå verksemda per mars 2010**

Arkivsak
2009/138/
Styresak 051/10 B

Styremøte 04.05. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret tek rapportering frå verksemda per 31. mars 2010 til etterretning.

Oppsummering

Aktivitetsrapporteringa innan somatikk er påverka av at det er gjort ein del endringar i innsatsstyrt finansiering som gjer det vanskeleg å samanlikne aktivitet i 2009 med tilsvarande tal for 2010. I høve til budsjett er den samla somatiske DRG-produksjonen 2 % lågare enn kva som er budsjettert.

Ventetidsutviklinga per mars 2010 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak er på same nivå som for eit år sidan innan dei tre fagområda. Vidare er ventetidene i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både dei som er tatt til behandling og dei som framleis ventar. Epikrisetidene held seg framleis stabile rundt 70 % innan psykisk helsevern og rett over 60 % innan somatikken.

Resultatet pr mars er pluss kr 4,6 mill som er kr 19,4 mill dårlegare enn budsjett. Med unntak av Helse Fonna som melder ei prognose som er kr 2 mill dårlegare enn budsjett, opprettheld alle føretaka ei prognose i tråd med budsjett. Helse Fonna og Helse Bergen var i budsjettmessig balanse ved utgangen av 2009 og har derfor ikkje utarbeida ordinær tiltakspakke. Helse Førde rapporterer ei realisert omstilling som er i tråd med plan medan Helse Stavanger rapporterer at føretaket bare har realisert 16 % av forventa realisert omstilling pr mars. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg men Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover.

Sjukefråværet for føretaksgruppa gjekk opp frå 6,8 % i januar til 7,4 % i februar. Sjukemeldt sjukefråvær er 6 % i februar noko som er det same som for januar. Tal einingar som har eit lågare sjukefråvær enn 4,5 % er stabilt på om lag 48,4 %. Det er 395 fleire netto månadsverk i føretaksgruppa nå i april samanlikna med april i fjor.

Tiltrua til tenesta er i tråd med målet på 80 %. Tiltrua til det regionale føretaket ligg omlag på same nivå som gjennomsnittet det siste året. Dette betyr at vi denne månaden har eit betre resultat enn ved sist måling.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. mars 2010. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane brukt i rapporten med tilhøyrande definisjon. Grenseverdiar som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07.

Den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa består av fire målekort: aktivitetsutvikling, ventetidsutvikling, epikrisetider og tertialsvisе indikatorar. Dei tre første målekorta består i all hovudsak av månadlege indikatorar, med eit par unntak innan tverrfagleg behandling av rusmiddelbrukarar, medan det siste målekortet har tertialsvisе indikatorar.

Kommentar

1. Aktivitetsutvikling

Datakjelda som blir nytta i rapporteringa av aktivitetsdata innan somatikken (og psykisk helsevern) er manuelle tal som helseføretaka sjølv rapporterar inn til Helse Vest RHF månadleg. I denne rapporteringa blir samla tal for aktiviteten til og med mars 2010 samanlikna med tal for tilsvarande månader i 2009.

Aktivitetsutvikling	Resultat	Mål	Status	=
Psykisk Helsevern for Barn og unge				
Aktivitet døgntillegging	1%	5%		
Aktivitet dagtillegging	3%	5%		
Psykisk helsevern for voksne				
Aktivitet døgntillegging	-1,2%	5%		
Aktivitet dagtillegging	3,8%	5%		

Psykisk helsevern

Per mars 2010 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn 1 % høgare enn til same tid i 2009. Dei absolutte tala syner at forskjellane er små, og det er generert om lag 60 fleire liggjedøgn i 2010 enn i 2009. Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har rapportert om noko færre liggjedøgn enn året før, medan ein i Helse Førde HF og Helse Fonna HF har generert fleire liggjedøgn.

Indikatoren for dagbehandling innan BUP (som inneheld dagopphold og poliklinikk) syner eit aktivitetsnivå per mars 2010 som er omlag 3 % høgare enn ved utgangen av mars 2009. Til saman er det så langt i 2010 gjennomført rett over 33 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphold, noko som er om lag 1 000 fleire enn i same periode i 2009. Helse Bergen HF og Helse Fonna HF har så langt den høgaste aktivitetsveksten, medan dei to andre helseføretaka har eit aktivitetsnivå som er lågare enn i 2009.

Døgnbehandling målt i tal liggjedøgn innan psykisk helsevern for vaksne syner eit aktivitetsnivå per mars 2010 som er 1,2 % lågare enn i tilsvarende periode i 2009. I absolutte tal er det generert om lag 64 800 liggjedøgn, noko som er rundt 800 færre enn i 2009. Av dei fire helseføretaka rapporterar Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF om fleire genererte liggjedøgn per mars 2010, medan Helse Bergen HF og Helse Førde HF har hatt lågare aktivitet enn i 2009.

Aktivitetsutviklinga innan dagbehandling (som inneheld dagopphald og poliklinikk) syner at den samla aktiviteten innan psykisk helsevern for vaksne er 3,8 % høgare enn året før. Helse Fonna HF, Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF har alle eit aktivitetsnivå som er høgare enn til same tid i 2009, medan Helse Førde HF har eit lågare aktivitetsnivå enn ved utgangen av mars 2009. Uttrykt i absolutte tal er det gjennomført om lag 45 300 polikliniske konsultasjonar og dagopphold dei to første månadene av året, noko som er om lag 1 600 fleire enn per mars 2009.

Somatikk

Omleggingar innan innsatsstyrt finansiering (ISF) i 2010 gjer at ein ikkje kan rapportere somatisk aktivitet uttrykt i DRG-poeng, sjukehusopphald eller tal polikliniske konsultasjonar som er direkte samanliknbare med tal for 2009. Omlegginga består i at all poliklinisk aktivitet no blir finansiert innan ISF, noko som genererar fleire DRG-poeng enn i 2009, samt at tekniske endringar i ISF-systemet påverkar fordelinga mellom talet på sjukehusopphald og talet på polikliniske konsultasjonar, slik at desse heller ikkje er samanliknbare.

Dei faktiske tala syner at det samla er generert om lag 60 300 DRG-poeng dei tre første månadene av 2010. Dette er 2,0 % lågare enn helseføretaka sine eigne budsjett for same periode. Av helseføretaka er det berre Helse Fonna HF som har ein DRG-produksjon som er høgare enn budsjettert (3,2 %). Dei tre andre helseføretaka ligg alle om lag 3 % lågare enn budsjettert.

Talet på sjukehusopphald var samla nær 61 500 for dei fire helseføretaka ved utgangen av mars 2010, medan talet på polikliniske konsultasjonar var rett over 205 000. Alle dei fire helseføretaka har ein aktivitetsutvikling målt i sjukehusopphald som er lågare enn det som ligg i budsjetta. Når det gjeld den polikliniske aktiviteten ligg Helse Bergen HF 2,9 % høgare enn talet polikliniske konsultasjonar som er budsjettert, medan dei tre andre helseføretaka ligg lågare enn budsjett per utgangen av mars 2010.


2. Ventetidsutvikling

I styrerapporteringa blir tal for ventetidsutviklinga henta frå det regionale datavarehuset, som er utvikla innan prosjektet "heilscapeleg styringsinformasjon". Datagrunnlaget i datavarehuset er det same som Norsk pasientregister nyttar til nasjonal statistikk. Data blir handsama etter dei same reglane, men små avvik kan førekome.

Somatikk

Dei gjennomsnittlege ventetidene for dei som ventar innan somatikken har halde seg stort sett stabile i 2009. Dette gjeld særleg for pasientar med prioritet, men og til ein viss grad for ventande utan prioritet. For pasientane med prioritet bevega ventetidene seg lite frå januar 2009 og fram til sommaren. For pasientar utan prioritet gjekk ventetidene ned i same periode. For begge prioriteringsgruppene steig

ventetidene i samband med helseføretaka sin avviklinga av sommarferie. Ei auke i ventetidene om sommaren er noko som blir observert kvart einaste år. Etter ferieavviklinga gjekk dei gjennomsnittlege ventetidene igjen ned i september 2009, for så å halda seg tilnærma stabile. Frå desember 2009 til mars 2010 har ventetida halde seg rimeleg stabil. For pasientar med prioritet var ventetida ved utgangen av mars 2010 3 dagar lengre enn i mars 2009. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida 12 dagar lengre ved utgangen av mars 2009.



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som framleis venta var 91 dagar innan somatikken ved utgangen av mars 2010. Den samla ventetida ligg dermed på om lag same nivå som dei seks føregåande månadene, og er 6 dagar lengre enn til same tid i 2009. Ventetida for ventande med prioritet var 69 dagar, medan den var 117 dagar for dei utan prioritet.

Helse Fonna HF var det helseføretaket som hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene ved utgangen av mars 2010, både for ventande med prioritet (57 dagar). Dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande med prioritet ved dei andre helseføretaka var 68 dagar i Helse Førde HF, 69 dagar i Helse Bergen HF og 73 dagar i Helse Stavanger HF ved utgangen av mars 2009. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritert varierte frå 102 dagar i Helse Bergen HF til 133 dagar i Helse Stavanger HF. Haraldsplass diakonale sjukehus hadde framleis dei lengste gjennomsnittlege ventetidene i Helse Vest ved siste rapportering, med 83 dagar for prioriterte pasientar og 198 dagar for pasientar utan prioritet.


Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta behandling i mars 2010, så var dei 59 dagar for prioriterte og 78 dagar utan prioritet. For prioriterte pasientar er dette i gjennomsnitt 3 dagar lengre enn i mars 2009, men ventetida er lågare enn dei som blei observert i perioden frå august til november 2009. Frå august til desember 2009 gjekk ventetidene for behandla pasientar med prioritet gradvis ned kvar månad, for så å halde seg stabile frå desember til mars 2010. Tilnærma det same mønsteret kan seiast å gjelde for pasientar utan prioritet i dei same tidsromma.

Delen ventande som er tildelt prioritet innan somatikken har halde seg stabil rett rundt 55 % det seinaste året. Ved utgangen av mars 2010 hadde og 55 % av dei ventande i regionen prioritet. Delen ventande som hadde prioritet varierar frå om lag 40 % ved Haraldsplass diakonale sjukehus til om lag 60 % i Helse Bergen HF.

Psykisk helsevern for barn og unge

Ventetidsutviklinga innan psykisk helsevern for barn og unge har vore positiv frå februar 2009 og fram til juni 2009 for dei ventande med prioritet, medan ventetidene steig ein del for dei ventande utan prioritet i same periode. Som for somatikken var det og ei auke i dei gjennomsnittlege ventetidene innan psykisk helsevern for barn og unge i samband med avvikling av ferie i helseføretaka i juli og august. Figuren

under viser at dei gjennomsnittlege ventetidene for begge dei to prioriteringsgruppene har gått nedover nesten i heile perioden frå september 2009 til februar 2010. I mars 2010 har ventetidene stege svakt og då mest for ventande utan prioritet.



Gjennomsnittleg ventetid for ventande med prioritet var 51 dagar ved utgangen av mars 2010, noko som er 2 dagar kortare enn ved utgangen av mars 2009. For dei ventande utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida per mars 2010 91 dagar, noko som er 6 dagar kortare enn for eit år sidan. Figuren over viser at den gjennomsnittlege ventetida er klart lågare for pasientar med prioritet, enn for dei utan prioritet.


Ventetidene for pasientar med prioritet var lågast i Helse Bergen HF ved utgangen av mars 2010 med 42 dagar i gjennomsnittleg ventetid. Ventetidene for prioriterte ved dei tre andre helseføretaka var 44 dagar i Helse Førde HF, 45 dagar i Helse Stavanger HF og 72 dagar i Helse Fonna HF. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritet varierte frå 83 dagar i Helse Bergen HF til 123 dagar i Helse Førde HF. Helse Fonna HF har ikkje registrerte ventande utan prioritet.

For pasientane som har blitt tatt til behandling har dei gjennomsnittlege ventetidene vore relativt stabile dei siste 12 månadene, og har gått ned dei siste månadene av 2009 og i 2010. Ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i mars 2010 var 60 dagar, noko som er 15 dagar kortare enn for eitt år sidan. Talet pasientar utan prioritet som blir tatt til behandling er mykje lågare, noko som gir større variasjonar i dei gjennomsnittlege ventetidene. I gjennomsnitt var ventetida 115 dagar for pasientar utan prioritet som var tatt til behandling i mars 2010.

Delen ventande med prioritet låg rundt 75 % per utgangen av mars 2010, men det er store forskjellar mellom dei einiskilde helseføretaka. I Helse Fonna HF har 100 % av dei ventande prioritet, medan rundt 66 % har prioritet i Helse Bergen HF.

Psykisk helsevern for vaksne

Innan psykisk helsevern for vaksne syner utviklinga i gjennomsnittlege ventetider ein trend med svakt stigande ventetider gjennom store deler av 2009 både for ventande med prioritet og for ventande utan prioritet, men ventetidene har i heile perioden vore lågast for prioriterte pasientar. Ved utgangen av mars 2010 var den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet 98 dagar og 136 dagar for dei utan prioritet. Begge desse ventetidene er høgare enn til same tid i 2009, då dei gjennomsnittlege ventetidene var 78 dagar for prioriterte pasientar og 102 dagar for pasientar utan prioritet.



Helse Førde HF hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar ved utgangen av mars 2010 med 41 dagar, medan Helse Stavanger HF hadde dei lengste ventetidene for dei same ventande med 158 dagar. Dei gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar i Helse Fonna HF og Helse Bergen HF var 82 dagar og 83 dagar ved utgangen av mars i år.

Ventetida for dei pasientane som blir tatt til behandling innan psykisk helsevern for vaksne ligg ein del lågare enn ventetidene for dei som framleis står på venteliste. For prioriterte pasientar som vart tatt til behandling i mars 2010 var den gjennomsnittlege ventetida 55 dagar, noko som er 10 dagar lengre enn for 12 månader sidan. Blant helseføretaka varierar ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling frå 41 dagar i Helse Førde HF, til 73 dagar i Helse Stavanger HF i mars 2010. I Helse Bergen HF og Helse Fonna HF venta dei prioriterte pasientane som vart tatt til behandling i mars 50 dagar i gjennomsnitt.

Som for dei to andre fagområda har delen ventande med prioritet halde seg stabil det seinaste året. Ved utgangen av mars 2010 hadde rundt 70 % av dei ventande prioritet. Delen ventande med prioritet varierar frå om lag 80 % i Helse Førde HF og Helse Fonna, til rundt 60 % i Helse Stavanger HF.

3. Epikrisetid

Epikrisetider		Resultat	Mål	Status	=
Samlet Bilde					
Epikrisetid psykisk helsevern		67%	80%		
Epikrisetid somatikk		60%	80%		

I mars 2010 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 60 % innan somatikk, medan delen låg på 67 % innan psykisk helsevern. Med unntak av april 2009 (påskeferie) er det generelle biletet at epikrisetidene har halde seg relativt stabile dei siste 12 månadene, med ein høgare prosentdel sendt tidsnok innan psykisk helsevern enn innan somatikken. Innan psykisk helsevern har Helse Førde HF i 2009 vore det einaste føretaket som har klart å nå målsettinga om 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar i enkelte månader, men i 2010 har og Helse Fonna HF klart dette målet.

4. Tertialsvisse indikatorar



Indikatorane i målekortet syner status for del korridorpasientar og strykingar av planlagde operasjonar per 3. tertial 2009, og tala blei presenterte på styremøtet i mars 2010. Dei nasjonale måla er at ein helst ikkje skal ha korridorpasientar innan psykisk helsevern og somatikk, og at delen strykingar av planlagde operasjonar ikkje bør overstiga 5 %.

5. Økonomi


5.1 Resultat

	Mars			Hittil pr. mars		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	2 058	1 046	1 013	5 777	-108	5 885
Helse Bergen	1 067	8 997	-7 931	4 885	17 672	-12 787
Helse Fonna	89	214	-125	-1 949	1 676	-3 624
Helse Førde	-4 157	-1 219	-2 938	-8 805	-8 789	-16
Helse Stavanger	-5 455	2 199	-7 654	-3 674	6 596	-10 270
Fellesområde, føretaksgruppa	2 545	3 723	-1 177	10 589	10 169	420
Administrasjonen	-849	-354	-495	-354	-1 061	707
Helse Vest IKT	-998	-968	-31	-1 826	-2 077	251
Til saman	-5 699	13 639	-19 338	4 643	24 077	-19 434

Alle tall i heile tusen

Akkumulert resultat pr mars er kr 4,6 mill som er kr 19,4 mill dårlegare enn budsjett.

Helse Stavanger




Alle tall i hele tusen

Helse Stavanger har i mars eit negativt resultat på kr 5,5 mill, som målt mot budsjett gir eit negativt budsjettavvik på kr 7,7 mill. Etter tre månader har føretaket eit negativt akkumulert resultat på kr 3,7 mill som utgjør eit negativt budsjettavvik på kr 10,3 mill. Inntektene pr mars viser kr 13,4 mill i positivt avvik. Dette er hovudsakleg grunna eit overskot på ISF relatert til eigne pasientar på kr 8,0 mill og overskot på andre øyremærka tilskot på kr 4,4 mill. Polikliniske inntekter er nå i tilnærma i balanse.

På kostnadssida er det kr 9 mill i negativt avvik på lønn etter tre månader. Berekningar viser at føretaket brukar 31 netto månadsverk meir enn planlagt. I tillegg er det hittil i år brukt kr 6,9 mill meir enn budsjettet på innleige av personell. Dette gir grunn til bekymring og er forhold føretaket melder at dei har fokus på.

Andre driftskostnader viser eit negativt avvik på kr 1,3 mill. Det er knytt risiko til utviklinga innan energiprisane, då berre ein liten del av energikostnadene har fastpris i 2010. Hittil i år er det positivt avvik knytt til finanskostnader.

Helse Fonna




Resultatet i mars måned viser eit overskot på kr 0,1 mill mot eit budsjettert overskot på kr 0,2 mill. Dette gir eit negativt budsjettavvik på kr 0,1 mill. Akkumulert resultat er minus kr 2 mill mot eit budsjettert resultat på pluss kr 1,7 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 3,6 mill.

Personalkostnadene inkludert innleige av personell frå byrå viser eit negativt avvik på kr 11,3 mill etter tre månader. Hovudtyngda av avviket er knytt til overtid og ekstrahjelp men i motsetnad til tidligare månader har føretaket også eit negativ avvik knytt til faste stillingar. Dette skuldast hovudsakleg at det har vore ein planlagd vekst innan nokre område som skulle gå mot ei tilsvarande nedjustering på andre område. Dette har ikkje slått til og føretaket melder at det er sett i gang eit arbeid for å rette dette forholdet.

Det meste av avviket innan varekostnader er relatert til føretaket sin eigenproduksjon. Mesteparten av kostnadene til gjestepasientoppgjær er basert på estimat og det er derfor usikkerheit knytt til desse tala. Dette gjeld spesielt innan kjøp av rehabiliteringstenester frå Helse Sør-Aust og innan vaksenpsykiatri og rus.


Helse Bergen



Alle tall i heile tusen

Resultatet for mars måned viser eit overskot på kr 1,1 mill. Dette er kr 7,9 mill dårlegare enn budsjettert. Etter tre månader er resultatet kr 4,9 mill. Dette er kr 12,8 mill dårlegare enn budsjettert. Driftsinntektene viser eit lite positivt budsjettavvik.

Kostnadssida syner eit negativt budsjettavvik på kr 15,1 mill per mars. Meirforbruk av TNF-hemmarar og MS-medikament gir eit negativt budsjettavvik på om lag kr 3,2 mill. Det er i tillegg negativt budsjettavvik på andre medisinar, laboratorierekvisita og medisinske forbruksvarer. Lønnskostnader og ekstern innleige er i budsjettbalanse etter tre månader. Om lag kr 7,5 mill av det negative avviket skuldast auka energiprisar.



Resultatet i mars er negativt med kr 4,1 mill som er kr 2,9 mill svakare enn budsjett. Bokført resultat etter tre månader er negativt med kr 8,8 mill noko som er på nivå med periodisert budsjett. Inntektene hittil i år er kr 0,9 mill lågare enn budsjett.

Hittil i år syner kostnadssida eit positivt avvik mot periodisert budsjett på kr 3,4 mill. Lønnskostnadane syner eit samla mindreforbruk på kr 2,5 mill som mellom anna heng saman med at det er brukt kr 2 mill mindre enn budsjettert til overtid og ekstrahjelp i årets tre første månader. Varekostnader har eit meirforbruk på kr 0,8 mill og andre driftskostnader har eit meirforbruk på kr 1,9 mill. Finanskostnadane syner eit mindreforbruk på kr 1,1 mill mot budsjett.

Kjøp av helsetenester

Resultatet i mars er kr 1,2 mill dårlegare enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 10,6 mill som er kr 0,4 mill betre enn budsjettert.

Administrasjonen

Resultatet i mars er - kr 0,5 mill dårlegare enn budsjettert noko som akkumulert gjer eit resultat som er kr 0,7 mill betre enn budsjettert.

Apoteka Vest

Føretaket har i mars eit positivt budsjettavvik på kr 1 mill. Akkumulert resultat er kr 5,9 mill over budsjett. Av dette skuldast kr 2,1 mill unormalt låg varekostprosent, kr 1,7 mill auka sal av varer og ca kr 2 mill knytt til lågare driftskostnader enn budsjettert.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i mars er minus kr 1 mill som er i tråd med budsjett. Akkumulert har føretaket eit resultat som er kr 0,3 mill betre enn budsjettert.

5.2 Omstilling

Føretaka må syte for å ha beredskap som gjer det mogleg å setja i verk korrigerande tiltak umiddelbart dersom utviklinga i 2010 tilseier at dei økonomiske resultatkrava ikkje vert nådd. Både Helse Fonna og Helse Bergen har omstillingstiltak gåande i dei klinikkane som har den største budsjettutfordringa i 2010, utan at dette er talfesta i denne saka. Helse Fonna vil frå og med april rapportere på ei tiltakspakke retta mot ein bestemt klinikk.

Helse Stavanger

Pr mars måned har føretaket realisert 16 % av planlagt effekt av omstillingstiltaka. I prognosen for året melder føretaket om ei forventet omstillingseffekt på opp mot 35 %. Den låge realiseringa heng saman med avviket på lønn der føretaket ikkje har klart å realisere naudsynte gevinstar. Når avviket på perioderesultatet ikkje er høgare skuldast det gevinstar på finans og avskrivningar som ikkje er med i tiltakspakka. Føretaket melder om høgt fokus på resultat og risiko i 2010 og det blir tatt detaljert opp i møter mellom administrerende direktør i Helse Stavanger og divisjonsdirektørane.

Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 100% av planlagt effekt i mars. For året totalt opprettheld føretaket ei prognose på 98 % realisering av den utarbeida handlingsplanen på til saman kr 45,5 mill. Administrerende direktør vurderer det enda slik at Helse Førde må identifisera tiltak for ytterlegare kr 20 mill for å sikra at budsjettmålet blir nådd i 2010. Tiltaka kan sjåast i samanheng med den pågåande strategiprosessen i Helse Førde.

5.3 Prognose


	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	7 833	7 833	0
Helse Bergen	110 000	110 000	0
Helse Fonna	8 000	10 000	-2 000
Helse Førde	-40 000	-40 000	0
Helse Stavanger	26 323	26 323	0
Fellesområde, føretaksgruppa	43 677	43 677	0
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	105	105	0
Sum	155 938	157 938	-2 000

Alle tall i heile tusen

Helse Fonna har forbetra si prognose med omlag kr 3,2 mill si førre rapportering. Føretaket legg til grunn at effekten av ny tiltakspakke med verknad frå april blir innfridd. Dei andre føretaka opprettheld sine prognoser og Helse Bergen melder at føretaket i si prognose har tatt høgde for eit avvik knytt til energikostnader på kr 15 mill.

5.4 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av mars ein netto likviditet på minus kr 667 mill. Grafen under viser forventet utvikling i netto driftskreditt for året.




Driftskredittramma er ved inngangen på kr 1,675 mrd. Denne vil i løpet av året bli redusert med kr 95 mill til kr 1,580 mrd ved utgangen av året. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det treffast tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.


6. Medarbeidarar

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest er registrert med 7,4 % for februar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var på 6,0 % for februar 2010.

Tal einingar med eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare var for februar 2010 på 48,4 %. Dette er det same som januar 2010. Samanlikna med same månad i 2009 er det 4,9 % fleire einingar med eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare.




Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var 16 579 per mars 2010. Det er ein auke på 52 netto månadsverk frå februar 2010. Netto månadsverk per april 2010 var 16 680. Samanlikna med april 2009 er det ein auke på 395 netto månadsverk.




Dei nye felles nasjonale definisjonane på brutto månadsverk, gjeldande frå januar 2010, gir noko auke for alle helseføretaka.

Helse Stavanger

Sjukefråværet i Helse Stavanger var 6,5 % per februar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær for februar 2010 var 5,1 %. Dette var ein nedgang på 0,4 % for sjukefråvær og stabilt for sjukemeldt fråvær frå januar 2010. Samanlikna med februar 2009 er det ein nedgang på 1,1 % for sjukefråvær og 1 % for sjukemeldt fråvær.




Netto månadsverk for Helse Stavanger var 4 469 per mars 2010, det er ein nedgang på 46 netto månadsverk frå februar 2010. Netto månadsverk per april 2010 var 4 535. Samanlikna med same månad i 2009 er det ein auke på 104 netto månadsverk.




Helse Fonna

Sjukefråværet i Helse Fonna var 6,7 % per februar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,4 % for februar 2010. Dette var ein nedgang på 0,3 % for både sjukefråvær og sjukemeldt fråvær frå januar 2010. Samanlikna med februar 2009 er det ein nedgang på 1 % for både sjukefråvær og sjukemeldt fråvær.




Netto månadsverk for Helse Fonna var 2 487 per mars 2010, det er ein auke på 29 netto månadsverk frå februar 2010. Netto månadsverk per april 2010 var 2 471. Samanlikna med same månad i 2009 er det ein auke på 36 netto månadsverk.




Helse Førde

Sjukefråværet i Helse Førde var per februar 2010 på 6,8 %. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,7 % for februar 2010. Det var ein auke på 0,4 % for både sjukefråvær og sjukemeldt fråvær frå januar 2010. Samanlikna med februar 2009 er det ein nedgang på 2,9 % for begge.




Netto månadsverk for Helse Førde var 1 997 per mars 2010, dette er ein nedgang på 51 netto månadsverk frå februar 2010. Netto månadsverk per april 2010 var 1 983. Samanlikna med same månad i 2009 er det ein auke på 34 netto månadsverk.




Helse Bergen

Helse Bergen hadde eit sjukefråvær på 8,3 % for februar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 6,8 % for januar 2010. Dette var om lag det same som januar 2010 for begge. Samanlikna med februar 2009 er det ein nedgang på 0,5 % for sjukefråvær og ein nedgang på 1% for sjukemeldt fråvær.



Netto månadsverk for Helse Bergen var 7 626 per mars 2010, dette er ein nedgang på 19 netto månadsverk frå februar 2010. Netto månadsverk per april 2010 var 7 692. Samanlikna med same månad i 2009 er det ein auke på 222 netto månadsverk.



Oppfølging av variable timar

Det vil bli gitt ei munnleg orientering om utviklinga av variable timar i styremøte.

7. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tiltru til tjenesten	80	80	●	
Avvik tiltro pasienter/pårørende...	-2	0	●	
Inntrykk av det regionale hels...	58	80	●	
Pasienter og pårørende				
Avvik tiltro pasienter/pårørende...	-2	0	●	
Avvik tiltro pasienter og pårø...	-2	0	●	

5.1 Tiltru til tenesta – mars måned

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tiltru).

Tilbakegangen i tiltrua til spesialisthelsetenesta vi såg frå januar til februar fortsett og i mars. Tiltrua er no på 80 prosent – som er målet. Dette resultatet er berre så vidt over gjennomsnittet for alle målingane. Det beste oppnådde månadsresultatet hadde vi i januar 2010 (83%). Det lågaste resultatet vi har hatt sidan målinga starta (mai 2008), var i juni 2008, då vi enda på 73 prosent.

Resultatet for mars måned viser stor variasjon mellom helseføretaka. Lågast score finn vi i Helse Førde, som går tilbake med heile ni prosentpoeng frå februar (81) til mars (72). I Helse Fonna, som gikk kraftig tilbake i sist måling, ser vi no ein auke i tiltrua frå 73 prosent i februar til 78 prosent i mars.

5.2 Forskjell i tiltru i gruppa *pasient/pårørende* samanlikna med gruppa *andre*


I mars er denne indikatoren -2 prosentpoeng. Det betyr at tiltrua er litt lågare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har hatt kontakt dei siste tre åra. Dette er det same som ved sist måling.

63 prosent har enten vore pasient eller pårørende i løpet av dei siste tre åra. 29 prosent seier at dei sjølve har vore pasient.

5.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket går opp med to prosentpoeng til 58 prosent frå februar til mars. Vi er dermed tilbake på det nivået som har vore normalen det siste året.

Med unntak av Helse Førde er det ein auke i tiltrua til det regionale helseføretaket i alle føretaka. I Helse Stavanger auker inntrykket frå 56 til 61 prosent, i Helse Fonna frå 51 til 57 prosent og Helse Bergen ligg stabilt på 60 prosent. I Helse Førde går inntrykket tilbake frå 46 til 41 prosent i mars.



Oversikten over viser utvikling i gruppa som seier dei har eit meget eller ganske godt inntrykk av det regionale helseføretaket.

Det er ein signifikant høgare del som har eit godt inntrykk blant pasientar/pårørnde (61) enn blant dei som ikkje har vore pasientar/pårørnde dei siste tre åra (52).

5.4 Forskjell i tiltru mellom gruppa pasientar og gruppa pårørnde:

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i mars litt lågare blant dei som sjølv har vore pasient enn blant dei som berre har vore pårørnde (-3). I februar var denne indikatoren -2.

Det er ein litt høgare del blant pasientane som har meget stor tiltru (30), enn blant dei som har vore pårørnde (27).